



Kviteseid misjonskyrkje

MISJONSKIRKEN NORGE

Referat frå styremøte onsdag 24. november 2021 kl. 18.00

Til stades:

Ane S. Holm (2020-2021)

Åsbjørg Hægeland (2021-2022)

Sigrun Lønning Solvang (2021-2022)

Sak 24/21: Godkjenning av referat frå styremøtet 6. oktober 2021

Referatet vart godkjent utan merknader.

Sak 25/21: Justering av konseptet «Sundagstreff»?

Vi samtalte om den endringa sundagstreffa har gjennomgått dei siste åra.

Ane får i oppdrag å gå gjennom «Rettleiing for sundagstreff» og reviderer dette. Vi held inntil vidare fram med å bruke *Sundagstreff* som namn på desse sundagsmøta. (Vi kan gjerne drøfte dette namnevalet på årsmøtet.)

Sak 26/21: Planlegging av komande år

Våren 2022: Vi planla strukturen på møtet med Anne-Margrethe Mandt-Anfindsen i februar.

Vi samtalte om kven vi ønska å nytte som talarar komande halvår, og gjekk gjennom programmet for våren ved å fordele oppgåver oss i mellom. Oversikt i vedlegg 1.

Hausten 2022: Vi sonderer terrenget for å lage til «Smak av retreat» som felleskyrkjeleg arrangement. Ane snakkar med Ulla Käll om ho kan bli med på dette. Vi snakka også om andre lokale krefter som kan spørjast om å bidra.

Sak 27/21: Økonomisk støtte til Tweensklubb på Misjonshuset

Vi ønsker å hjelpe Tweensklubben på Misjonshuset no i oppstartsfasen deira. Åsbjørg snakkar med Liv Aase Gamst Kristoffersen og får kontonummer. Vi gjev ein sum på inntil 3000 kr, dersom dei har behov for dette.

Sak 28/21: Eventuelt

- Sum for utleige av Betel sine lokale: Vi held på dei same prisane som har vore før. Desse er 500,- for dei som ikkje er medlemmar. Gratis for medlemmar.
- Det store kjellarrommet hadde trengt ein oppussing. Vi tek dette opp som sak på årsmøtet.
- Ane orienterte om helgetur til Skafså med Speidaren. Dei hadde ein fin tur saman.

Neste styremøte: onsdag 2. februar kl 18.00

Åsbjørg Hægeland, sekretær

Vedlegg til sak 26/21:

- | | |
|-------------|---|
| 16. januar | Sundagstreff kl 18.00
Åsbjørg spørre Oddvar om å lede
Sigrun spør Reidar Kolbræk om å fortelje si livshistorie. Og vi får takke han for det maleriet vi fekk frå han. |
| 6. februar | «Møteplass i vintermørket» kl 19.00.
Sigrun spørre Ingri Engeland om å spele fløyte.
Sigrun spør Sigrun Kvamme og Ellen R og Ann Christin og Nils Arne om å ta ansvar for maten.
Sigrun leier. |
| 13. februar | Styret har eige møte med menighetsrådgjevar kl 12.00.
Styrets varamenn blir spurt om dei ønsker å delta på dette. (Sigrun spør)
Middag på Kvitsund kl 14. (Sigrun bestiller mat og rom).
Enkelt møte kl 17.00 Anne Margrethe talar. Sigrun leier.
Årsmøte direkte etterpå. Sigrun leier dette. Åsbjørg skriv årsmelding og innkalling. Ane skriv årsmelding for Speideren.
Kveldsmat (spørre Grutle..) |
| 27. februar | Bøne- og delemøte 19.00
Ane leier. |
| 20. mars | Sundagstreff kl 18.00
Åsbjørg spørre Sigrun Kvamme om å leie dette.
Sigrun spør Sveinung Røyland om å tale. |

3. april	Noko usikkert. Kanskje arrangere Møteplass med tverrkulturelt fokus?
18. april	Påskesangmøte kl 18.00 med nattverd. Åsbjørg lede. Åsbjørg spør Tone om tekstlesing. (Konfere gjerne med Ane og Sigrun)
22. mai	Sundagstreff kl 18.00 Ane eller Sigrun Kvamme leier
19. juni	Sommaravslutning. Ane leder truleg.

Aktuelle talarar:

Reidar Kolbræk, Sveinung Røyland, Tore Mersland

Åsbjørg tek den som blir ledig.

Hausten 2022: Vi sonderer terrenget for å lage til «Smak av retreat» som felleskyrkjeleg arrangement. Ane snakkar med Ulla Käll om ho kan bli med på dette. Vi snakka også om andre lokale krefter som kan spørjast om å bidra.